

LARS

Legens siger og nederlag

Eg står att på gongen overvelta og fortumla. Bak ryggen min døra til Sigurd, han der inne med den sôte og skarpe smaken i munnen, synleg nøgd med samværet då eg gjekk.

I fyrste og andre etasje lange gongar med dører inn til rom med sjukeheimsbuvarar. Eg kallar dei pasientar, det kan virka som om det er därleg helse som er fellesnemnaren, men fellesnemnaren er einsemda. Dei fleste har hatt sterke helse i mange år, det er dei overlevande som bur her. Ektefeller, sysken, svograr er døde, mange har mist born. Nokre har born som er pensjonistar. Det er skralt med pårørande som kan sjå etter ein gammal som har sviktande sansar og rørsleevne.

Den som kunne glede ein til med ein liten konjakkdram!
Kven kunne trengja den kveiken?

Lars ligg på naborommet. Sjur er død, Kjell er flink til å vitja han. Dei tri ugifte brørne budde i lag, arbeidde i lag både på meieriet og på sjøen. Lars var ein munter og prat-sam mann, men så kom slaget. Han vart kløyvd: Høgre sida av andletet, høgre del av kroppen vart han framand, han trenna og slepa på denne uregjerlige kroppen i prekestol og gåstol. Nå ligg han anten på benken eller sit i rullestol. Orda forsvann. Logopeden og sjukepleiarane har prøvd å lokka fram orda, men dei vil ikkje koma, berre einskilde få ord og grynt. Humøret forsvann, han har vorte trist. Kjell har vore flink å vitja han, han har til og med hyrt båt og teke han med på fjordtur.

Lars kunne trengja ein konjakk!

Eg stod for nokre månader framme i sjukeheimsstova og hadde andakt ein sundag. Der hadde me sunge noko i lag, eg hadde lese opp eit stykke frå ei gammal lesebok, sidan eit evangeliestykke or nytestamentet. Nå har eg kontrabassen min ved venstre sida og eg står og syng utover dei levde andlet og lagnader:

Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag,
Gud, lat den samferd vara, alt til min døyand dag!
Det er mi høgste æra, det er mi største ros,
hans fylgjesvein å vera, og vandra i hans ljós!

Lars sit der nede, han er sidesigen i rullestolen sin, høgre munnvik heng som vanleg, men munnen rører seg, han syng! Eg kan høyra dei malmfulle orda or ein munns med sviktande evner. Frå minne og barndom kjem orda strøy-mande gjennom eit sviktande nervesystem og brøyter seg veg ut i nåtida, til stova på sjukeheimen. Tårene renn ned-

etter kinna hans, minnene er fulle av verdi, av meinings. Nå må eg konsentrera meg for å klara halda fram:

Min Jesus, sannings stjerna, lys opp min mørke veg!
Mitt hjarta vil så gjerna få fylgja etter deg.
Du lyser enn i verdi som før frå Betlehem.
Ver du mitt ljós i verdi, til heim med deg eg kjem!

Alle fem versa vert songne, eg set bassen frå meg med ærefrykt. Som musikar har eg hatt nokre flotte opplevingar av samklang, dette er ein av dei kjenslesterkaste musikkerfaringar eg kan minnast.

Lars kunne trengja ein konjakk!

Eg snur til døra hans, bankar på. Ingen lyd innefrå, eg opnar døra :

«Lars!... Det er eg, Bråtvæit, som kjem inn»

Lars ligg i senga med andletet mot veggjen. Det tykkjest ikkje som han har hørt helsinga mi.

Eg held konjakkflaska i høgre handa, legg venstre handa på aksla hans og rører ved han. Han snur seg tungt i senga idet eg held fram:

«Vil du ha ein konjakk?»

Augo smalnar raskt, andletet rasar saman og frå det djupaste i mannen bryt eit rungande «NEI» fram. Det slår meg på munnen og handa som var eg ein uskikkleg unge.

Eg rasar frå den nyss opphøgde siger til den djupaste tapsbotn. Kva var det som skjedde?

Meiner å minnast at eg prøvd å stotra fram eit «orsak meg» medan eg tusla fortumla ut or rommet.

Seinare fekk eg snakka litt meir med Lars sine kjenningar. Etterkvart fekk eg eit noko utvida bilet av livet hans. Så langt eg kjende til, var både Sjur og Kjell takksame for å kunna ta seg ein skjenk. Det var gonger då Lars kunne mislikta dette. Sjølv var han totalfråhaldsmann og fungerte nok som ein festbrems i brorflokken. Då eg song Blixsalmen trefte eg ei åre i livet hans. Når så dokter Bråtvæit nokre månader etter brått stod over han svingande konjakkflaska kan eg berre ana korleis Lars sin ideologi vart brått og voldsomt utfordra.

På denne korte tida gjekk eg gjennom ein lærdom om å finna den tilpassa respons, sidan fall eg i den velkjende grøfta å generalisera erfaringa, for så å prøva gjennomføra ein reprise. På ny kom erfaringa om at det er den tilpassa respons, skreddarsaumen, som fører fram.

Legen er utsett for å falla i all slag därskap, eg vert lett sjølvtrygg, innbilsk, klarer ikkje fokusera på «hin enkelte». Kor vakker å oppleva når responsen er tilpassa, kor platt når det er legens behov som er inspirasjonen.

Aslak Bråtvæit

PS: Pasientar er rause menneske, dei kan tilgi.